

Kultur- og kirkedepartementet  
Kirkeavdelingen  
Pb 8030 Dep  
0030 Oslo

Vik i Sogn 26.08.08

## **“STYRKET DEMOKRATI I DEN NORSKE KIRKE” - HØYRINGSSVAR FRÅ VIK SOKNERÅD, YTRE SOGN PROSTI.**

Vik sokneråd er ein av høyringsinstansane til innstillinga “Styrket demokrati i Den norske kirke”. Fylgjbrevet til innstillinga er datert 30.05.08, med frist for uttale allereie 1. september 2008. Dette er altfor kort frist til å kunne uttale seg om ei så viktig og omfattande innstilling, særleg når ein tenker på at dei fleste folkevalde råd ikkje har møter i sommarmånadane. Vårt sokneråd mottok innstillinga etter at rådet hadde teke sommarferie i midten av juni, og første møte etter ferien var i dag. Det seier seg sjølv at dette vert for kort tid til å handsame ei så viktig sak innan fristen 1. september. Sjølv om vanleg praksis tilseier ein uttalefrist på 3 månadar, må ein kunne forvente at det vert teke omsyn til at mesteparten av denne tida er ferietid i folkevalgte organ i Den norske kyrkja og difor gjeven lengre frist.

Med tanke på tittelen i innstillinga, er dette ekstra tankevekkande. Her vert vi som høyringsinstans meir å sjå på som eit alibi utan reell innverknad. Dette er absolutt det motsatte av å styrke demokratiet i Den norske kyrkja!

I følge Kirkeloven §2 er soknet "den grunnleggende enhet i Den norske kirke". Kva sokneråda meiner om demokrati i Den norske kyrkja burde difor vera av den største interesse, og av den grunn bad eg i mail til departementet 20.08.08 om at vi vert tekne på alvor og får tilstrekkeleg tid i høyringsprosessen. I mail frå departementet 22.08.08 fekk eg som svar at av omsyn til den stramme framdriftsplanen i denne saka, har ikkje departementet funne å kunne utsetje høyringsfristen formelt, sjølv om det så langt som råd vil ta omsyn til høyringsfråsegner som kjem inn etter fristen.

Skal vi legge ned mykje arbeid i gjennomgang av innstillinga og utforming av høyringssvar, må vi imidlertid vera sikra at vår meining vil bli rekna med. Vi har pga den korte tidsfristen, difor valgt å berre uttale oss om ein liten del av innstillinga som omfattar tilhøve som vi har erfart og difor har meiningar om.

### **Høyringssvar:**

5 Valordningar.

#### 5.1 Val av sokneråd:

Her har Vik sokneråd gode erfaringar med å ha soknerådsvalet samtidig med stortingsvalet. Dette hadde vi hausten 2005, noko som førte til auka valdeltakelse og merksemd for soknerådsvalet. Tidspunkt og nærhet til lokale for stortingsvalet var her viktig.

#### 5.2.1 Auke antall leke medlemmar til Kirkemøtet ( og bispedømmerådet):

Vik sokneråd støtter innstillinga sitt forslag om å auke antall leke medlemmar i Kirkemøtet i høve til representantar frå dei ordinerte og leke kyrkjeleg tilsette. Det er viktig at “grasrota” vert godt representert.

### 5.2.3 Auka bruk av direkte val til Kirkemøtet:

Vik sokneråd meiner at det er viktig at val på leke medlemmar til Kirkemøtet må vera så greitt at det er mogleg å gjennomføra det. Begge ordningane 1 og 2 som er foreslått i innstillinga, synest å vera av teoretisk og liten praktisk art. Korleis tenker ein seg at den vanlege kyrkjelydsmedlem skal få informasjon om dei kyrkjemøtemedlemmene som står på val? Det vil t.d. koste ei formue å sende ut opplysningar om desse til alle i eit bispedømme. Avis- og TV-presentasjonar vil kunne nå ut til ein del, men også dette vil kreve ein del å få til - ikkje minst å oppnå interesse frå media. Utan å kunne kjenne til kva den einskilde som er på val står for, vil dette ikkje bli styrka demokrati, men heller meir kaos. Det er ikkje som i eit politisk val, der dei som står på val har eit partiprogram å halde seg til. Til val av leke medlemmar til Kirkemøtet er det viktig kva den einskilde på val meiner om aktuelle saker, slik at velgarane veit kva dei står for. Det krev ein skikkelig, ordentlig og gjennomarbeidd presentasjon m.a. med konkrete spørsmål om vanskelege tema som krev klare svar. ( Her har vi tidlegare erfart vage presentasjonar med ulne svar som ikkje gjev oss innsikt i kva den einskilde meiner - det er ikkje bra! ) Ein må vite litt om kva den som skal velgast står for, og som sokneråd har ein plikt på seg til å sette seg inn i dette, noko ikkje den einskilde kyrkjemedlem har.

Vik sokneråd går difor inn for ei ordning med indirekte val, der sokneråda bestemmer på vegne av kyrkjelyden, sidan dei har større moglegheiter for å få den naudsynte informasjonen om dei som står på val. Så får det bli soknerådet sitt ansvar om dei ynskjer å få innspel på valet frå andre i kyrkjelyden før dei føretek valet.

Med helsing

Vik sokneråd

v/ leiar Karen Sofie Tangstad, Moav. 20, 6893 Vik i Sogn